



Gol kommune

«MottakerNavn»
«Kontakt»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

Dykkar ref. Vår ref. Dato
«Ref» 2021/3579-10 28.04.2022

Referat frå møte i samarbeidsutvalet/SMU ved Gol skule torsdag 28. april 2022

		Møte nr.	3-2021		
MØTESTED	Gol skule		TID	28. april 2022 kl 18.00	
KALLA INN:	<i>Frå foreldra: og Ingunn Håverstad Frå elevane: Endre Aarset, Tilde Hole Strandos Frå tilsette: og Reidun Storeli Rese Frå skuleeigar: Jan Kattenberg og Morten Lien</i>				
FORFALL	<i>Andreas Eidsgård, Steffen Melbye, Jørn Magne Forland, Liv Bjørsvik</i>				
SENDT TIL	<i>Samarbeidsutvalet og Skulen sitt miljøutval</i>				
NESTE MØTE			REFERENT	<i>Morten Lien</i>	

SAK	SAKER SAMARBEIDSUTVALET	Ansvar	Frist
Info	<p>Info frå elevane Jobbar med å gjenerobre Hjarterommet. Prøver å få litt meir fart på jobben. Elevane vil opne for å jobbe med oppgåver der. Arbeidslivsfag og Innsats for andre har hatt kantine. Elevrådet vil jobbe for at det blir kantine. 7. skal på leirskule i vår og har hatt dette som tema i VI-timen. Nokon elevar på 7. trinn skal halde 17. mai-tale og har begynt å jobbe med denne. 9. trinn har jobba mykje med samhald fordi enkelte har følt seg utanfor. Kalle har vore inne i klassen og det er snakka om kva ein kan gjere for at folk skal bli inkludert.</p> <p>Info frå FAU Har hatt eit møte sidan sist. Mange informasjonssaker. Bl.a om skolehagen. På slutten av møtet såg FAU eit webinar om korleis foreldre kan jobbe mot mobbing og for inkludering. Kva foreldrene skal gjere dersom dei får melding om at barnet blir mobba eller mobbar.</p>		

	<p>Info frå tilsette Det beste som har skjedd i det siste er at vi endelig har fått sopa opp grusen. Det betyr at vi kan ta ut ein del av vårleikene. På 2. trinn har ein planlagt kva slags leiker ein skal ha på 17. mai og trene på korleis ein gjer det. Det blir jobba med 17. maipynt. Ekstra satsing på 17. mai i år. Vi er veldig fornøyd med elevane og FAU-leiar som representerte skulen i kommunestyret.</p> <p>Info frå skuleeigar Politikerne er imponert over elevane som var i kommunestyret. Etterspør kva som skjer med Utøya-turen.</p>		
10-22	gunn		
	<p>Skolehagen Elevrådet har snakka om dette. Plassering er på oversida av parkeringsplassen til lærarane. Elevrådet foreslo å lage eget potetgull. Det er og snakka om at det kan brukast i kantina. Det blir jobba med tilbod på inngjerding og tilkjøring av matjord. Det er fortsatt kun arbeid i prosjektgruppa. Tanken er at på sikt skal dei ulike trinna ha sine pallekarmar. Seinast i dag blei læraren i faget «teknologi i praksis» utfordra til å sjå på automatisk vatning.</p>		
11-22	<p>Vurdering av læremiddel, digitale læringsplattformer Elevane brukar i dag mest digitale plattformer. I ungdomsskulen bruker dei skolestudio og kikora. Det er kjøpt inn bøker i spansk. Umiddelbart seier elevrådet at det er greitt med digitale læremiddel. Men at ein og må halde skrivinga ved like. Det kan vere vanskelig å finne fram i skolestudio. 7. trinn har bøker i Krle og samfunnsfag. Dette er bøker frå før fagfornyinga. Skulen er no inne i ei periode med evaluering av digitale læremiddel. Det er gjennomført SWOT-analyse med utgangspunkt i digitale læremiddel og bøker. Ut frå evalueringa seier lærarane mellom anna at det er behov for opplæring i korleis ein underviser best mogleg med dei digitale hjelpemiddela, såkalla profesjonsfagleg digital kompetanse (Pfdk)</p>		
SAKER SKULEN SITT MILJØUTVAL			
1/22	<p>Drøfting elevane sitt læringsmiljø Elevrådet opplever at det er bra læringsmiljø på skulen. Det jobbes med fag. 9. trinn får skryt for at det er betre arbeidsro no enn før. Dei jobber meir med vurderingskriterier enn før. Får og lov til å vere med å bestemme oppgåver. Elevane kan og velje korleis dei vil presentere kva dei kan. Det er ikkje alltid dei får tilbakemelding i form av karakter, men heller f. eks lav, middels eller høg måloppnåing. I 7 trinn får dei og med å bestemme korleis dei skal lage presentasjonar. På dei lågare trinna jobbar ein med stasjonsarbeid og varierende arbeidsmetoder, td stasjonsarbeid. Det har og vore positivt med ofte bytte av læringspartner.</p>		

Med helsing

Morten Lien
rektor

Elektronisk godkjent utan signatur

Vedlegg:

1 Referat frå møte i samarbeidsutvalet/SMU ved Gol skule torsdag 28. april 2022

Mottakarar:

Liv Bjørsvik

Endre Aarset Smedstad

Andreas Eidsgård

Tilde Hole Strandos

Steffen Melbye

Jan Kattenberg

Reidun Storeli

Ingunn Håverstad

Jørn Magne Forland